

# **VEDTEKTER FOR HOLMEDAL MONTESSORISKULE (TIDLEGARE HOLMEDAL MONTESSORIFORENING)**

Endringar godkjende av årsmøte 11.3.2008

Endringar godkjende av årsmøte 14.05.2020

## **§ 1 Namn**

Foreininga skal heite Holmedal montessoriskule.

## **§ 2 Føremål**

Holmedal montessoriskule er ei allmennytig privat foreining som eig og driv Holmedal montessoriskule i Holmedal, eit pedagogisk alternativt grunnskuletilbod som er ope for elevar frå heile landet, og som er basert på Maria Montessori sine prinsipp.

## **§ 3 Medlemmer**

Det er høve for alle til å melde seg inn i foreininga. Medlemmer skal vere registrert i eigen protokoll og betale årleg kontingent.

## **§ 4 Styre**

Styret skal ha fem medlemmer: leiar, nestleiar og tre styremedlemmer. Minst to av styremedlemmene skal vere klassekontaktar blant foreldra på Holmedal montessoriskule. I tillegg skal det veljast to varamedlemmer. Styret vert oppnemnt for to år om gongen på Holmedal montessoriskule sitt årsmøte, og kan veljast opp att. For å sikre kontinuitet skal minst halvdelen av styret stå over ved val. Rett til å vere til stades på møte i styret/skulestyret, til å seie si meining, og få denne tilført protokollen, har representant oppnemnt frå Askvoll kommune, representant for elevrådet, representant frå lærarane, representant for andre tilsette ved skulen og dagleg leiar av skulen, jfr. friskulelova

## **§ 5-1. § 5 stroken jfr. endringar på årsmøte 15.3.2007**

## **§ 6 Styremøte og protokoll**

Styret held møte minst fire gonger årleg eller når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmene ber om det. Leiar kallar inn til styremøte med minst ei vekes varsel. Styret er vedtaksført når meir enn halvdelen av styremedlemmane er til stades. Leiar har dobbeltrøyst ved stemmelikskap. Det skal førast protokoll over sakene som vert handsama og dei vedtak som vert gjort.

§ 7 stroken jfr. endringar på årsmøte 15.3.2007

## § 8 Skulestyret sine oppgåver

Skulestyret utgjer den øvste leiinga av skulen og har ansvaret for at skulen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og foreininga sine vedtekter. Skulestyret skal utarbeide framlegg til reglement og instruks for skulen. Skulestyret forvaltar og stiller skulelokale til disposisjon. Skulestyret skal sjå til at elevar i opplæringspliktig alder som vert tekne inn ved skulen, får oppfylt retten til grunnskuleopplæring, og melde frå til foreldra og heimkommunen til elevar som over lengre tid ikkje møter fram til undervisninga utan lovleg grunn. Skulestyret skal dessutan fastsetje storleiken på skulepengane, ha ansvar for tilsetjingar, vedta budsjett for skulen og ha ansvar for rekneskap, fastsetje inntaks- og ordensreglement for skulen, fremje saker om flytting i samsvar med friskulelova §3-3 og bortvising i samsvar med § 3-10. Skulestyret skal ha det øvste økonomiske ansvaret for skulen si drift, og sjå til at offentlege tilskot og skulepengar kjem elevane til gode, og at offentlege krav og føresetnader for verksemda vert oppfylte. Styret kan delegera avgjerdssretten med 2/3 fleirtal i alle saker, unntake fastsetjing av skulepengar.

## § 9 Forpliktande underskrift

Når det gjeld dei oppgåvene som høyrer inn under skulestyret etter § 8 i vedtekten, er foreininga forplikta ved underskrift av skulestyret sin leiar i lag med ein av skulestyremedlemmene.

## § 10 Årsmøte

**Årsmøtet er foreininga sitt høgste organ. Styret er skulen sitt øvste ansvarlege organ.**  
Vanleg årsmøte i foreininga vert halde minst ein gong kvart år innan 31. mars. På årsmøtet har medlemmene høve til å møte og stemme. Dagleg leiar ved skulen og skulestyret har møteplikt. Innkalling skal skje skriftleg med minst to vekers varsel. Årsmøte skal handsame fastsetjing av resultatrekneskap og balanse, bruk av overskot og dekking av underskot, fastsetjing av eventuell godtgjersle til styremedlemmene i foreininga, val av skulestyre, val av valnemnd, val av styre og revisor, fastsetjing av medlemskontingent og eventuelle vedtektsendringar. Andre tilhøve som skal handsamast må vere oppgjevne i innkallinga til årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst fire av styremedlemmene i foreininga ønskjer det. Innkalling skal skje med minst ti dagars varsel, og det skal oppgjevast kva forhold som skal handsamast. På årsmøte vert det gjort vedtak ved simpelt fleirtal, med unntak av vedtektsendringar og oppløysing av foreininga, jfr. § 14 og 15 i vedtekten.

## § 11 Administrasjon

Holmedal montessoriskule kan meddele prokura.

## § 12 Økonomi

Skulen sin økonomi baserer seg på inntekter fra statstilskot og foreldrebetaling. Leiinga ved skulen skal arbeide ut budsjett for skulen. Skulestyret skal handsame og vedta budsjettet, jfr. § 8 i vedtekten.

## § 13 Rekneskap og revisjon

Det skal førast eige rekneskap for Holmedal montessoriskule, og dette skal reviderast av oppnemnt revisor. Rekneskapen skal følgje kalenderåret og skal avsluttast i god tid før årsmøtet, jfr. § 10 i vedtekten.

## § 14 Endring av føremål og vedtekter

Holmedal montessoriskule har til alle tider rett til å foreslå endringar i foreininga sine føremål og vedtekter. Vedtak om endring av føremål og vedtekter for Holmedal montessoriskule vert å gjere på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte med 4/5 fleirtal av frammøtte medlemmer med stemmerett, jfr. § 10 i vedtekten. Ved endring av § 2 i vedtekten krevst det vedtak på to årsmøter etter ein annan.

## § 15 Oppløysing av foreininga

Styret i foreininga har rett til å foreslå at foreininga skal oppløysast når særlege tilhøve gjer dette naturleg, til dømes ved svak elevtilgang, vesentlege endringar i lov om friskular, eller når andre tilhøve gjer det vanskeleg eller umogleg å halde fram drifta. Vedtak om oppløysing vert å gjere på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte med 4/5 fleirtal av frammøtte medlemmer med stemmerett, jfr. § 10 i vedtekten.

## § 16 Elevinntak

Opptak av elevar skal gjennomførast etter eige reglement. **Oppseiingsfristen er gjensidig på ein månad.** **Elevplassen må seiast opp med 3 månaders varsel, med verknad frå den 1. i påfølgjande månad.** Ein må betale for elevplassen i oppseiingsperioden. Dersom elevplassen vert sagt opp etter 1. juni, må ein betale for dei tre første månadene kommande skuleår.

## § 17 Internkontroll

Leiinga ved skulen skal utarbeide rutiner for internkontroll som skal inkludere tilhøve omkring **tryggleik, arbeidsmiljø og vern av det ytre miljøet**. **helse, trivsel, tryggleik og miljø.**

*Endringane som er føreslegne:*

*Tekst med uthæva svart skrift vert fjerna til fordel for tekst med raud skrift.*